

Ja eller nei?

Det er gode argument både for og mot ei kommunesamanslåing i Midt-Telemark. Her er ein del av dei som har svirra i debatten, stort sett kan alle argument snuast og brukast motsett veg alt etter kva ein meiner veg tyngst.

FOR

- Har alt slått saman mange tenester og er godt i gang med å byggje ein ny kommune.
- Relativt like store og like.
- Passe store. Ekspertutvalet tilrår minst 15.000-20.000 innbyggjarar. Ein ny Midt-Telemark kommune vil få ca 17.000 innbyggjarar
- Ulik erfaring med samanslåing. Nome og Sauherad har slite med fleire sentrum, kjenner problematikken og kan bruke erfaringane vidare
- Blir store nok til å få eingongstilskot
- Meir musklar mot Grenland og Notodden. For eksempel i saker som gjeld Høgskulen i Sørøst-Noreg og lokalisering utanfor Grenland.
- Korte avstandar uansett kvar ting ligg.
- Kjenner kvarandre godt.
- Bø og Sauherad er på veg ut av Robek-lista, medan Nome er på veg inn. Fagfolk seier at kommunar på mellom 10.000 og 20.000 er billegast å drive. Samanslåing kan gi effektivisering
- Små fagmiljø har problem med å rekruttere fagfolk.
- Oppsplitting av skattebasta, kraftsamarbeidet, kan bli fort koste mykje i advokathonorar dersom ein av kommunane vel å slå seg saman med andre.
- Blir sterkare saman slik at ein kan handtere nye oppgåver, sjølv om ein ikkje veit kva dei er. Uansett vil innbyggjarane bli meir krevjande.
- Rådet frå dei som har gjennomgått same prosessen tidlegare, bl.a. Sandefjord, Andebu og Stokke (SAS) var å lage ei kort intensjonsavtale. Det skal lagast ein ny kommune og det er fortidleg å bestemme detaljar. Også fare for å gå seg bort i detaljar.
- Vil revitalisere lokaldemokratiet. Det blir meir interessant å vere lokalpolitikar og lettare å få folk til å stille på lister.

MOT

- Samarbeid er nok og kan eventuelt utvidast.
- For jamne til å bli einige om eit sentrum, fare for mange lokaliseringkampar.
- Størrelse avhengig også av kva for oppgåver kommunane får. Midt-Telemark vil vere for lite til å overta for eksempel vidaregåande skular.
- Skjønner Bø kva det inneber å skulle fordele mellom fleire sentra?
- Ukjende kostnader av å slå seg saman.
- Deler av Sauherad og Nome ønskjer heilt andre løysingar. Kor krevjande blir det å "true" med dei som ikkje vil?
- Ein klarar ikkje å samle seg for få ting lokalisert til området fordi ein er ueinig i lokaliseringa. Er det betre å vere ein liten kommune som er einig med seg sjølv i ei slik sak?
- Veldig godt vant med veldig korte avstandar. Ti kilometer kan vere eit hav i Midt-Telemark.
- Deler av kommunane vil ikkje ha resten, men vil til andre.
- Med kommuneadministrasjon fordelt på tre-fire plassar får ein ikkje teke ut effektiviseringsgevinsten.
- Ein kan samarbeide på fleire område utan å slå seg saman.
- Status quo, ein treng ikkje å endre på kraftsamarbeidet eller anna samarbeid.
- Veit ikkje kva nye oppgåver ein får, og dermed heller ikkje kva ein skal ruste seg til.
- Intensjonsavtalen seier for lite, ein veit for lite om korleis den nye kommunen vil bli.
- Mindre demokrati, færre lokalpolitikarar og lenger avstand til politikarane.
- Det er ikkje kjent korleis den nye inntektssystemet for kommunane blir. Det som vart sendt ut på høyring gav dårlegast resultat for det som blir sett på som "ideal-kommunen", mellom 10.000 og 20.000 innbyggjarar.
- Kva rolle fylkeskommunen får i framtida og kva for oppgåver som eventuelt skal overførast til kommunane frå det regionale leddet er ikkje kjent.

Problemstillingar å tenkje over

- Eit politisk vedtak står berre til det neste er fatta. Det gjeld så vel stortingsvedtak om inntektssystem til kommunane som kommunale vedtak om lokalisering av skular og demente-avdelingar.
- Staten har ikkje kome med fleire oppgåver til kommunane, sjølv om det sannsynlegvis ville ført til fleire kommunesamanslåingar. Kvifor? Fordi regjeringa eigentleg ikkje vil legge tunge oppgåver i kommunane? Vil ei Ap-styrt regjering vere meir tilbøyeleg til å desentralisere oppgåver enn ei Høgre/FRP-styrt?

- Det blir argumentert med at ein må ruste kommunane for verda om 20 år. Men ingen veit kva det vil seie. Kor "visjonær" er det lurt å vere. Bør ein vente til ein kjem til elva før ein finn ut korleis ein skal krysse den? Og er det då rasjonelt å spreie administrasjonen utover? Er ikkje det å samle administrasjonen eit av punkta som kan gi gevinst?
- Det tok nesten 20 år frå Schei-komiteen vart sett ned til dei siste kommunesamanslåingane var gjennomført. Samanslåingane vart planlagt ovanfrå, målet var først og fremst å gjere kommunane i stand til å etablere niårige skular. Det vart bråk, men

talet på kommunar vart nesten halvert.

- Kva for politiske parti kan vinne og kva for parti kan tape på at dei tre kommunesstyra vert til eitt?
- Svært mange interkommunale samarbeid går utover Midt-Telemark og det vil nok ikkje bli slutt på interkommunalt samarbeid sjølv om ein slår seg saman.
- Samanslåing av kommunar er ein av fleire prosessar. Det er også mange andre etatar som blir slått saman. Politidistrikt, sjukehus, domstolar, høgskular, fylkeskommunar og sannsynlegvis fylkesmanns-

kontor skal vurderast for samanslåing. Er dette rett veg å gå?

- Færre kommunar kan marginalisere småparti. Det kan for eksempel bli færre ordførarar frå parti som Senterpartiet. Tykkjer dei store partia at det eigentleg er OK? Det blir lettare for politikarane sentralt å styre, ein får mindre motstand frå bygda, som for eksempel i EU-kampen?
- Opnar for privatisering. Større einingar innan offentleg sektor, for eksempel sjukeheimar, gjer det lettare å privatisere tenester.